

**Sakshandsamar:**

Ole Ingar Hagen Hæreid
E-post: Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no
Tlf.: 41530954

Vår ref.

Sak nr.: 15/10814-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

49895/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 16.11.2015

Luster kommune
Rådhuset

6868 GAUPNE

Røneidstunnelen - forskotering kvitmåling

Det vert vist til Dykkar brev av 18.10.15 der vi har fått melding om følgjande vedtak:
«*Formannskapet vedtek å forskottere inntil 250.000,- til kvitmåling av Røneidstunnelen på følgjande vilkår:*

- *Tiltaket vert gjennomført innan utgangen av 2015*
- *Tilbakebetaling innan utgangen av 2017.»*

På bakgrunn av dette har Luster kommune søkt om at fylkeskommunen gjennomfører kvitmåling av Røneidstunnelen snarast mogleg.

Statens vegvesen opplyser at dei har fått inn ein pris på kr 407.500 inklusiv mva for måling av Røneidstunnelen i år. I samtale med Statens vegvesen har ordføraren stadfesta at Luster kommune forskotterer kr 250.000,- pluss mva, dvs. kr 312.500,- inkl. mva.

Søknaden frå Luster kommune reiser ei prinsipiell problemstilling med ei blanding av forskottering og spleiselag på eit vedlikeholdstiltak. Det aktuelle vedlikeholdstiltaket er planlagt gjennomført i 2017 i ei «pakke» med kvitmåling av fleire tunnelar. Å plukke ut Røneidstunnelen og framskude kvitmåling av denne, medfører større kostnader for kvitmåling av denne konkrete tunnelen enn om dette vert gjennomført etter planen i 2017.

Fylkestinget har vedteke retningslinjer for forskottering. Retningslinjene gjeld i utgangspunktet for investeringar og planmidlar, men sjølve prinsippet om å inngå avtale om forskottering meiner vi kan vere dekkande også for forskottering på drift- og vedlikeholdstiltak.

Dersom Luster kommune vil ha framskunda arbeidet med kvitmåling av Røneidstunnelen frå 2017 til 2015, må Luster kommune dekke heile kostnaden på kr. 407.500 inkl. mva i 2015.

I 2017 vil Luster kommune få tilbakebetalt den kostnaden vi faktisk ville fått om kvitmåling av Røneidstunnelen vert gjort i 2017 som del av eit kvitmålingstiltak for fleire tunnelar. Som vanleg i forskotteringssaker dekker ikkje fylkeskommunen renteutgifter for det forskotterte beløpet.

Med helsing

Velaug Veum
fylkesdirektør

Ole Ingar Hagen Hæreid
nestleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE

Kopi til:

Statens vegvesen, vegavdeling Sogn og Fjordane, Askedalen 4

